



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Formannskapssalen
Dato:	26.02.2020
Tid:	13.00 – 16.00

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leiar	
Jan Nilsen	Nestleiar	
Leiv Magnar Aarflot	Medlem	
Ann Elin Myklebust	Medlem	

Forfall:

Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Varamedlemer som møtte:

Ronald Reite	Vara	.

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

Frå Herøy kommune møte:

Bjørn Prytz	Ordførar	
Olaus Jon Kopperstad	Rådmann	I sakene 9, 11 og 12
Robert Myklebust	Eigedomsleiar	I sak 12

Idar Kjell Tarberg
Leiar

Ann Elin Myklebust
Medlem



SAKLISTE

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 MELDINGAR
- SAK 04/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 05/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 06/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 07/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 08/20 VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN
- SAK 09/20 RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 10/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 11/20 TILSYNSSAK SOSIALE TENESTER - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN
- SAK 12/20 BYGGING AV BRANNSTASJON - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN
- SAK 13/20 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	06.02.2020	26.02.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Ann Elin Myklebust.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	05.02.2020	26.02.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 02.12.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 02.12.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033&17	18.02.2020	26.02.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

I møtet

Revisor orienterte om tilbakemeldinga frå SSR vedkomande Selskapskontrollen, datert. 22.12.2019. Vedlegg 3.

Ordførar orienterte, jf. vedlegg 4.

Leiar orienterte om pc/nettbrett ordning for kontrollutvalet sine medlemmar.

Vedlegg

1. E-post, av 17. januar 2020. «K-sak 158/18. Særutskrift Vidareføring av nettbrett til politikarane.
2. Dokument, av 17.12.2019. «Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2018.
3. Dokument, av 20/12-2019. «Selskapskontroll –Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR).
4. E- post, av 18. februar 2020 «Stengde dører under politiske (offentlege) møte.

**Sak 4 vert utsett til neste møte.**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033&58	05.02.2020	26.02.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019**Samrøystes vedtak****Saksopplysning**

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet	11.06					
Arbeidsmiljøutvalet	03.06	25.11				
Eldrerådet	06.05	02.12				
Formannskapet	17.09	05.11	19.11	21.11	26.11	03.12
Klageutvalet	26.09					
Komité for helse og omsorg	18.09	13.11				
Komité for næring, kultur og idrett	15.08	08.10				
Komité for oppvekst	18.09					
Kommunestyret	26.09	24.10	21.11	12.12		
Maritim og teknisk komité	23.09	18.11				
Maritim og teknisk utval		11.12				
Nemnd for vilt, fiske og friluft						
Oppvekstutvalet		05.12				
Plan og byggenemnd	10.09					
Plan og byggeutval						
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	08.05	21.10	18.11	02.12		
Ungdomsrådet	25.09					
Utval for helse og omsorg		04.12				
Utval for næring, kultur og idrett		04.12				
Valnemnd	26.09					
Valstyret	10.09					
Valutvalet		21.11	11.12			

Herøy Kulturhus

SSR IKS STYRE

SSR IKS RE

Sendt til leiar

Sendt til leiar

Sak 5 vert utsett til neste møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20	033&58	13.02.2019	26.02.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020**Samrøystes vedtak**

**Saksopplysning**

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

Arbeidsmiljøutvalet:

Eldrerådet:

Formannskapet: **14.01 11.02**

Klageutvalet:

Komite for helse og omsorg:

Komite for næring, kultur og idrett:

Komite for oppvekst:

Kommunestyret: **23.01**

Kontrollutvalet:

Maritim og teknisk komite:

Maritim og teknisk utval: **13.01 03.02**

Nemnd for vilt, fiske og friluft:

Oppvekstutvalet: **06.02**

Plan og byggenemnd:

Plan og byggeutval:

Råd for msk med nedsett funksjonsevne: **10.02**

Ungdområdet:

Utval for helse og omsorg: **08.01 12.02**Utval for næring, kultur og idrett: **05.02**

Valnemnda:

Valstyret:

Valutvalet: **21.01**

SSR IKS STYRE

Sendt til leiar

SSR IKS RE

Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/20	033	05.02.2020	26.02.2020	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet fastset møteplanen slik: 20. april, 11. mai, 8. juni, 21. september, 21. oktober og 7. desember.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 26. februar sett opp møte 20. april, 11. mai, 8. juni, 21. september, 21. oktober og 7. desember.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	06.02.2020	26.02.2020	KS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	217	18.02.2020	26.02.2020	KS

VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tilsyn og oppfølging – Barnevern til vitende og ber om ny rapportering i høve anbefaling 5, innan **31.08.2020**.
2. Kontrollutvalet oppmodar om at det vert innarbeida rutine for rullering av innhenting av politiattestar for alle som er tilsette i barnevernet.
3. Kontrollutvalet registrerar at barnevernet ikkje dekker minimuskrevet for tilsynsbesøk og forventar at dette vert følgt opp.

Vedlegg

1. E-post frå rådmannen– påminning om tilbakemelding. Datert 01.12.2019.
2. Utskrift frå møteprotokollen, kontrollutvalssak 25/19.
3. Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – Barnevern.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet ba om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefaling 5, innan 01.12.2019.

Rådmannen gir slik tilbakemelding på anbefaling 5:

Har tatt ei runde no og sjekka. Det ser ut til at det vart starta eit arbeid for å oppdatere dette første halvår 2019, men så har det ikkje blitt heilt fullført. I Herøy manglar det 4 politiattestar og uavhengighetserklæringar, og i Vanylven ser det ikkje ut til at dette er gjort noko med i 2019 i det heile tatt utanom dei som har blitt ansatt i år. Vi har sendt ut e-post til alle tilsynspersonane i Vanylven no og bedt om at dei anskaffar ny politiattest og sender til oss saman med uavhengighetserklæring, og så skal vi gjere det same i Herøy.

Tilbakemelding frå revisor:

Det ser ut som at kommunen framleis har ein veg å gå mht. å oppfylle anbefalingane i revisjonsrapporten.



Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	17.02.2020	26.02.2020	JS

RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige informasjonen til vitende, og viser til punkta i saksutgreinga og det som kom fram i møtet. Jf. kulepunkt 6.

I møtet

Rådmann Olaus Jon Kopperstad møtte.

Punkta nedanfor vart gått igjennom, vart diskutert og kommentert. Det som kom særleg fram var at han ber om at alle orienteringar og innkallingar går igjennom han.

Det vart og klargjort at når Kopperstad sluttar og ny rådmann/kommunedirektør er på plass så skal kontrollutvalet kalle han/ho inn for samtale.

Saksopplysningar

- Rådmannen har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at rådmannen er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at rådmannen får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Rådmannen bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Rådmannen har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person,. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til rådmannen) eller vil rådmannen at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og rådmann ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og rådmann er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	033	17.02.2020	26.02.2020	JS

ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Ordføraren er einig i det som kjem fram i punkta nedanfor. Kontrollutvala registrerar at han vil møte i kontrollutvalet så sant han har høve.

Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om han har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid han kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker han bør delta på, i møte vi veit at han kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/20	030&18	17.02.2020	26.02.2020	KS

TILSYNSSAK SOSIALE TENESTER - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek rådmannen si orientering til vitende.
2. Kontrollutvalet registrerar at avvik skal rapporterast og følgjast opp.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen om å bli fortløpande orientert bl.a. med kopi av korrespondanse i saka inntil den er lukka. Rådmannen vert beden om ny orientering om status på møte 20.04. og må då gjerne ta med NAV leiar.

I møtet

Rådmanne Kopperstad delte ut svaret som vart gitt til Fylkesmannen. Datert 25.02.2020
 Orienterte deretter:

Ordførar har fått grunngitt spørsmål han skal svare på i KS 27.02.2020

KS skal også få informasjon når saka er avslutta i høve Fylkesmannen sine krav.

Rådmannen har tru på at saka skal bli lukka om ikkje lenge.

Vedlegg

Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 27.01.2020. Konklusjon tilsynssak.

Saksopplysningar

Rådmannen er kalla inn får å orientere og svare på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	030&18	17.02.2020	26.02.2020	KS

BYGGING AV BRANNSTASJON - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN

Samrøystes vedtak

Orienteringa frå rådmannen v/eigedomsleiar vert teken til vitende.

I møtet

Rådman Olaus Jon Kopperstad og eigedomsleiar Robert Myklebust møtte.

Svara på spørsmåla går fram under saksopplysningar, skrive i blått.

Undervegs vart prosjektet betre enn først tenkt, grunna det interkommunale samarbeidet.

Eigedomsleiar sender over dokument som skal til KU som melding på neste møte.

At bygget vart 9 mill. dyrare har ikkje noko med storleiken å gjere.

Vedlegg

E-korrespondanse med rådmannen med vedlegg.

Saksopplysningar

Rådmannen er kalla inn får å orientere og svare på spørsmål.

Rådmannen opplyser at Robert Myklebust kjem for å orientere og svare på spørsmål.

Det er, jf. vedlegg, stilt ein del spørsmål ei spesielt ynskjer spesielt å få svar på:

- Kvifor vart stasjonen ca. 9 millionar dyrare?
[Tilpass prosjektet til interkommunalt samarbeid. Bl.a. nye teikningar](#)

**Anbod.**

Brannbil over i nye lokale. Må inn med brannforsyning og vatn.

- Vart stasjonen bygd større enn tidlegare planlagt?
Ikkje bygd større. Fekk til tilpassing.
- Var der inngått leigeavtalar med nokre leigetakarar?
 - Kva tid vart desse eventuelle avtalane inngått?
Ingen leigeavtale. Ventar på interkommunal prosess.
 - Vart det politisk behandla
Viser til vedlagde møtereferat og fellesmøte Herøy – Ulstein, kun drøftingar der – ingen vedtak.
- Anbudsprosessen vart unnateke offentleg innsyn, kvifor? Var det lovleg?
Var i forhandlingssituasjon. Viser til § 23 i offentleglova.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/20	232	19.02.2020	26.02.2020	JS

**KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN****Samrøystes vedtak/uttale**

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for det som gjeld Herøy kommune for 2019.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten, av 17.02.2020 med vedlegg: Skatteetaten sin kontrollrapport 2019
- Årsmelding 2019 Skatteoppkrevjaren, av 23.01.2020
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019, av 23.01.2020

Saksopplysning

Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Intern kontroll. Ingen merknad frå Skatteetaten.
- Rekneskapen ferdig innan fastsett frist.
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane. Sjå tabell i kontrollrapporten pkt. 3 Måloppnåing.

Ikkje helt tilfredsstillande:

- Det er ikkje utført arbeidsgivarkontroll i tilstrekkeleg omfang. Det var utført 3.0% i 2019 (2,5% i 2018, 4% i 2017, 2,3% i 2016) kontrollar mot ei krav på 5%. Kontrollane er utførde av den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.



Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2019 var kr. 303.237.746. I 2018 var den kr. 270.116.442. Dvs. ein auke på kr. 33.121.303, 12,3%.

Avslutning:

Dette er siste året kommunestyret mottar kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Dette fordi Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

ORIENTERING OG KLARGJERING FRÅ LEIAREN

Dei av medlemane og vara som har innspel til forvaltningsrevisjonar og kontrollar må melde dette til sekretariatet snarast,. Dette for at revisjonen kan ha desse med i arbeidet for overordna analyse som dei jobbar med no. Det må kome tydeleg fram kva ein eigentleg ynskjer å få kontrollert.

Kontrollutvalet skal ha slik fordeling på gjennomgang av møteprotokollar og saker:

Alle medlemane:	Kommunestyret
Idar Kjell Tarberg:	Formannskapet Plan og byggeutval Maritim og teknisk utval Selskap
Jan Nilsen:	Kommunestyret (spesielt ansvar) Administrasjonsutvalet Nemnd for vilt, fiske og friluftliv
Leiv Aarflot:	Utval for helse og omsorg Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Utval for næring, kultur og idrett
Ann Elin Myklebust:	Oppvekstutvalet Arbeidsmiljøutvalet Klageutvalet
Kristin Helsem Sævik	Ungdomsrådet Valutvalet Eldrerådet

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.